

«Kultur er premiss, ikkje pynt!»



Ei god samfunnsutvikling for alle, med livskvalitet, aktivitet, møteplassar, innovasjon og attraktivitet.

Forord

Verda er i endring, og ytringsfridom og demokrati er i tilbakegang globalt. Sjølv om desse verdi-ane står sterkt nasjonalt i Noreg, er det inga sjølvfølge at ikkje også vi vil merke desse trendane her i landet. Kultur er ein svært viktig byggestein i demokrati og ytringsfridom, og det er viktigare enn nokon gong å verne om og prioritere denne sektoren. Kultur spelar inn på dei fleste samfunnsområde, og er utvilsamt ein samfunnsbyggande kraft. Planen ønsker å sette retning og ambisjonar på kulturfeltet sine vegne, men skal også legge til rette for at effektane kulturen har på samfunnet skal få verke gjennom godt samspel med andre sektorar. Sist, men ikkje minst, ønsker vi at planen skal være eit godt og nyttig verktøy for politikarar og administrasjon i prioriteringane deira.

Kulturlova er ei rammelov, der det blir stilt mindre detaljerte krav enn i mange andre lover. Det fører til at sektoren stadig er under press økonomisk. Argumentasjonen om at andre lovpålagte oppgåver skal bli prioritert først, kan føre til at kultur mangfaldet forsvinn eller blir svekka.

Kultur har sin soleklare eigenverdi, og denne må takast i vare. Men kultur kan også vere med å løyse komplekse samfunnsutfordringar i samspel med andre samfunnsområde. Kulturlova er i 2025 styrka med blant anna krav om at kommunane skal ha ein status for sitt kulturliv, som igjen skal danne grunnlaget for kommunal planlegging.

Noreg vil i åra som kjem få store utfordringar med demografisk utvikling. Fleire eldre over 65 enn yngre under 19 år vil føre til ein kamp om arbeidskraft i Noreg. Attraktivitet vil derfor være eit nøkkelord for at vår region skal kunne tiltrekke oss den arbeidskrafta vi treng. I denne situasjonen er eit rikt og mangfaldig kulturliv, både for vaksne og barn, et viktig kriterium for val av bustad.

I arbeidet med å lage dette planutkastet har kommunen hatt ein brei medverknadsprosess både med frivilligheita, kunst- og kulturaktørar, institusjonar, kommersielle og enkeltaktørar, samt private finansieringsinstitusjonar.

Vi har også hatt fleire dialogmøte og medverknadsprosessar internt i kommuneorganisasjonen.

Kultursjefen takkar alle for god og konstruktiv deltaking, gode samtalar og gode idear!

Denne medverknaden gjer oss trygge på at Ålesund kan einast om denne visjonen for ei brei kultursatsing i åra som kjem:

Kultur gjer Ålesund attraktiv!

Samandrag

Målet er at Ålesund skal ha eit aktivt, inkluderande og mangfaldig kulturliv, der kultur er med på å skape ei god samfunnsutvikling for alle, med livskvalitet, aktivitet, møteplassar, innovasjon og attraktivitet.

All kulturaktivitet har eigen verdi, og Ålesund kommune støtter opp om denne eigenverdien. Det er eit mål i seg sjølv at kulturlivet skal blomstre på eigne premiss og ut frå eigne føresetnader.

For å oppnå dette vil kommunen i denne planperioden ha 3 innsatsområde innan kulturfeltet.

Innsatsområde 1, Kultur heile livet, bidreg til livskvalitet og innanforskap. Det bidreg til toleranse, demokrati og menneskeverd. Det gir også innbyggjarane i Ålesund valfridom til å delta i og oppleve varierte og relevante kunst- og kulturuttrykk tilpassa den enkelte sine preferansar.

Innsatsområde 2, Kulturarenaer i Ålesund, gir innbyggjarane møteplassar og arenaer i dagleglivet og for dei særlege markeringane. Dette er arenaer for oppleving, skaping, berekraft, demokrati og inkludering.

Innsatsområde 3, Attraktive Ålesund, bygger ein attraktiv by og kommune. Kunst og kultur er fundamentalt for eit samfunn som fremmer læring, utvikling og innovasjon og er drivkraft for vidare utvikling av Ålesund.

Til saman dannar dette eit avgjerande fundament for kulturkommunen Ålesund, eit samfunn med sosial berekraft, som ein føresetnad for vidare økonomisk verdiskaping med kunst og kultur som utgangspunkt.

Leserettleiing

Dei ulike kapitla i planen er utforma slik at dei står for seg sjølv, og ein kan lese dei uavhengig av resten av planen. Difor blir det noko gjentaking av sentrale satsingar og tematikk.

Bakgrunnsstoff og meir informasjon om tema og omgrep nytta i planen finn du på Ålesund kommune si nettside. [Kulturplan 2025 - 2035 - Ålesund kommune](#)

Innhald

Forord.....	2
Samandrag	3
1. Innleiing	1
Kulturplan for Ålesund 2026 – 2038	1
2. Rammer for kulturpolitikken i Ålesund	2
Lover	3
Ålesund kommune – samfunnsplan 2025 – 2029	3
Innsatstrappa.....	4
Andre føringar	5
3. Status på kulturfeltet i Ålesund.....	6
Privat kultursektor	6
Frivillig kultursektor	7
Offentleg kultursektor	8
4. Kulturfeltet sin plass i samfunnsutviklinga	11
Effektar av internt samarbeid over dei kommunale samfunnsområda (sektorane).....	11
Effektar av eksternt samarbeid mellom kommunen, kulturfeltet og private aktørar	12
5. Samfunnsutfordringar der kultur er ein del av løysinga	13
6. Innsatsområde for kultur i Ålesund	15
6.1. Innsatsområde 1 - Kultur heile livet	15
6.2. Innsatsområde 2 – Kulturarenaer i Ålesund	18
6.3. Innsatsområde 3 - Attraktive Ålesund.....	20
7. Deltaking i utarbeiding av planen	24
Politisk representasjon	24
Administrativ organisering	24
Samhandling med kulturlivet og andre relevante aktørar	25
Kunnskapsinnhenting og medverknad	25
8. Planen og prosessen vidare	26

1. Innleiing

Kultur i festtalar viser ofte til at kultur er eit overskotsfenomen - glasuren på kaka og noko vi kan koste på oss i gode tider¹. Men KS-sin rapport «Kulturfeltets plass i samfunnsutviklingen» slår fast at kultur er avgjerande for alt vi ønsker meir av i samfunnet. Vi let derfor Kultur er premiss, ikkje pynt! vere tittelen på kulturplanen.

Kulturplan for Ålesund 2026 – 2038

Kulturplanen er Ålesund kommune sitt kulturpolitiske styringsdokument og skal vise ambisjonane, gi retning og fart for Ålesund som det kulturelle knutepunktet mellom Bergen og Trondheim fram mot 2038.

Dette er den første kulturplanen i nye Ålesund kommune. Planen skal gi Ålesund ein heilskapleg og ambisiøs kulturpolitikk. Planen skal bidra til å nå målsettingane som ligg i kommuneplanens samfunnsdel - med frivilligheit, kunst og kultur som utgangspunkt.

Desse ambisjonane handlar ikkje berre om kulturfeltet i seg sjølv, det vi ofte kallar kulturen sin eigenverdi, men det reflekterer kulturen si avgjerande betydning for ei framtidsretta samfunnsutvikling med livskvalitet, aktivitet, møteplassar, innovasjon og attraktivitet. Slik er denne kulturplanen ein moderne plan, ein samfunnsplan, som set kultur inn som premiss i samfunnsutviklinga. Dette kan utfordre på fleire områder.

Vi skal planlegge tradisjonelt for og med kulturfeltet og styrke kulturell eigenverdi. Samtidig ser vi også på samfunnseffektane, det vi før kalla instrumentell tilnærming.

Kulturen sine samfunnseffektar innan demokrati, innanforskap, det å bygge gode strukturar i lokalsamfunna og innan helse og miljø, er no sterkare dokumentert gjennom forskning. Dette gjer at vi kan, og må, innrette og styrke kulturlivet på andre måtar slik at vi hentar inn dei gode effektane for å løyse utfordringar.

Til å hente ut potensialet treng Ålesund eit sterkt og komplett kulturliv, med alle delar av den kulturelle infrastrukturen intakte og fungerande. Kulturplanen sitt fokus på både kulturen sin eigenverdi og korleis ein styrker og stimulerer kulturfrivilligheita, profesjonell kunst og kultur i samhandling med dei andre samfunnsområda, bidreg til å oppnå ei best mogleg samfunnsutvikling i heile Ålesund.

Planen har tre innsatsområde som utfyller og bygger på kvarandre. Dei dannar samanhengar og eit heilskapleg system for sosial, økonomisk og miljømessig berekraftig kulturutvikling.

Innsatsområda er:

1. Kultur heile livet
2. Kulturarenaer i Ålesund
3. Attraktive Ålesund

¹ www.kulturtanken.no/aktuelt/2025/kronikk-en-verden-i-endring-krever-nytenking/

Kulturplanen handlar først og fremst om Ålesund kommune, både som organisasjon og geografisk område. Men som den største kommunen i Møre og Romsdal er det også naturleg å sjå på kommunen som regionssenter og kulturelt kraftsenter i regionen.

Planen kjem inn på alle deler av det utvida kulturomgrepet, både det frivillige, offentlege, private og profesjonelle kulturlivet, unntatt idrett og friluftsliv, som har ein eigen kommunal plan.

Handlingsprogram

I kapittel 6 ligg det eit avgrensa handlingsprogram.


Handlingsprogrammet skal vere 4-årig, og blir vurdert rullert årleg i budsjettprosessen.

Handlingsprogrammet som følgjer høyringsutkastet er avgrensa til mål og strategiar (arbeidsformer for å nå måla). Etter høyringa vil det bli utarbeidd eit meir omfattande handlingsprogram, som også inneheld tiltak (konkrete prosjekt og satsingar som ein skal arbeide med i næraste planperioden. Mange av innspelane som har kome inn i medverknadsprosessen så langt er definert som tiltak, desse vil bli innarbeidd saman med eventuelle innspel til mål, strategiar og tiltak i høyringa.

2. Rammer for kulturpolitikken i Ålesund

Kulturfeltet er eit økosystem som via dei tre hovudaktørane; privat, frivillig og offentlig sektor bygger opp under kvarandre, server kvarandre og gir opplevingar til innbyggjarane.

KS-illustrerer eit komplekst kulturfelt slik²:



Økosystemet er ei kompleks kjede av aktørar og fagfelt som smeltar saman.

Planen skildrar Ålesund kommune sine prioriteringar og kva kommunen ønskjer å skape saman med frivillig kultursektor og privat sektor, inkludert både kulturaktørar og andre, som t.d. finansierer kulturaktørane.

Ei rekke andre kommunale planar og satsingar ligg til grunn for kulturplanen. Lover og nasjonale planar gir også føringar for denne planen. Dei mest sentrale er:

² KS-rapport «Kulturfeltets plass i kommunalt og regionalt planarbeid» s. 36.

Lover

Kulturlova gir offentlege styresmakter ansvar for å fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. Kommunen skal syte for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd. I 2025 vart kulturlova styrkt med blant anna krav om kommunal planlegging og krav om oversikt over status for kulturlivet i kommunen.

Det er også ei rekke særlover som styrer feltet, t.d. lov om bibliotek, arkiv, opplæring, vaksen-opplæring, kulturminne samt plan og bygningslova.

Ålesund kommune – samfunnsplan 2025 – 2029

Kommuneplanen sin samfunnsdel er det overordna dokumentet for utvikling i Ålesund kommune. Samfunnsplanen har visjonen: "Nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet". I juni 2025 vedtok kommunestyret nye satsingsområde i samfunnsplanen. Blant måla som er mest relevante for kulturplanen er m.a.:

Satsingsområde 1: Ålesund gir effektive, innbyggjar- og næringslivsorienterte tenester av god kvalitet. Her har vi m.a. eit mål om at Ålesund utviklar tenestene i tett samarbeid med innbyggjarar og næringsliv.

Satsingsområde 2: Ålesund skal være nyskapande, attraktiv og levande. Mål om at Ålesund har levande lokalsamfunn med by- og tettstadar som blir utvikla saman med nærings- og reiseliv, kulturliv, frivilligheit, ungdom og lokale initiativ.

Satsingsområde 3: Ålesund gir alle moglegheiter til å lære, vekse og trivest hele livet. Her er mål om at:


- Ålesund gir barn og ungdom den beste starten på livet gjennom læring, der alle får moglegheita til å bli den beste versjonen av seg sjølv.
- Ålesund har eit inkluderande oppvekstmiljø, med fokus på førebygging og nulltoleranse for mobbing, der alle barn og unge får moglegheiter til meistring og trygghet.
- Ålesund har saman med frivilligheita eit mangfald av moglegheiter til alle innbyggjarar, med lågterskeltilbod, møteplassar, frivilligheit, idrett, fritid og natur.
- Ålesund skal spille på lag med studentar, næringsliv og academia om å vidareutvikle kommunen som universitetsby

Satsingsområde 4: Ålesund har trygg og berekraftig økonomisk styring. Mål om at Ålesund bruker ressursane målretta, samordna og med tydelege effektar for tenestene.

Kommunen sin kulturpolitikk skal bidra til å oppnå samfunnsplanen sin visjon og gi innhald til satsingsområda til kommunen. Samfunnsplanen sine satsingsområde korresponderer godt med dei tre innsatsområda i kulturplanen.

Innsatstrappa³

Innsatstrappa er det overordna strategiske grepet i Ålesund kommune for framtidig sosial og økonomisk berekraft. Strategien legg opp til å dreie innsatsen mot tiltak som når mange og kan redusere behovet for kostnadskreivjande tenester til enkeltpersonar på trinna lenger oppe i trappa. For å lukkast med denne strategien vil ein struktur for samhandling på tvers vere avgjerande. I innsatstrappa finn vi gode argument for kommunen si investering i kultur, medborgarskap og samskaping.



Dei første trinna i innsatstrappa bygger samfunn og er med å rigge kommunen for ei framtid med uoversiktlege utfordringar. Å skape og bygge gode strukturar for alle innbyggjarar er inkluderande og demokratisk. På desse første trinna finn ein kultur, der kulturfeltet sine sosiale strukturar og opne, demokratiske tilnærming til deltaking motverkar utanforskap og dannar mennesket, det bygger gode samfunn. Audun Mysja fann i si tid at storforbrukarar av helsetenester var småforbrukarar av kultur. HUNT⁴-undersøkingane finn no vitskapleg samanheng mellom god helse og kultur. Kultursatsinga fører til gode lokalsamfunn for alle, der innbyggjarane finn livskvalitet på egne premisser.

Vidare i innsatstrappa forebygger ein, og identifiserer grupper med utfordringar som samfunnet må løyse. Øvst i trappa reparerer ein på individnivå i t.d. spesialhelseteneste. Økonomisk kostar det lite pengar å bygge samfunn, mens kostnadane blir høgare oppover i trappa etter kvart som ein skal forebygge eller reparere.

³ Agenda Kaupang/Ålesund kommune

⁴ Helseundersøkelsen i Trøndelag <https://www.ntnu.no/hunt>

Andre føringar

I dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging 2023-2027 står det i kapittel 4 at «Det legges til rette for kunst, kultur, idrett og frivillighet i planleggingen og settes av tilstrekkelige arealer til kultur- og idrettsformål».

FNs barnekonvensjon, artikkel 31 gir alle born rett til kvile og fritid og til å delta i leik og fritidsaktivitetar som passar for barnets alder, og til fritt å delta i kulturliv og kunstnarisk verksemd. Partane skal også oppmuntre tilgangen til eigna og like moglegheiter for kulturelle, kunstnariske, rekreasjons- og fritidsaktivitetar.

3. Status på kulturfeltet i Ålesund

Ser vi overordna på kulturfeltet i heile Ålesund kommune så går kulturlivet i kommunen bra. Ålesund er rangert på 27. plass på kulturindeksen⁵ (av 357 kommunar), er den høgst rangerte kommunen i Møre og Romsdal og topp tre av kommunar mellom Bergen og Trondheim.

Deler ein kulturlivet inn i områda frivillig-, privat- og offentleg kultur, så blir bildet meir nyansert. Det er det kommersielle, og til ein viss grad det private, kulturlivet som løftar Ålesund høgt på kulturindeksen, mens den kommunale kulturinnsatsen ligg langt under snittet for dei kommunane vi samanliknar oss med.

Privat kultursektor

Det kommersielle kulturlivet i Ålesund, med m.a. konsertarrangørar og utestader med musikk, tek eit stor ansvar som arrangør og formidling av både nasjonale og meir lokale artistar, dei gir arenaer og bransjenettverk. Kommersielle aktørar er likevel avhengige av eit publikum for at dette skal gå rundt økonomisk. Dette påverkar programmering og kva risiko ein kan ta i høve til kva type artistar og tilbod ein kan gi for å halde eit botnlinje over lengre tid.

Bypatrioten sitt sentrumsrekneskap frå 2022 viser at det vart gjennomført 406 arrangement frå kommersielle i sentrum.

All kino i Ålesund blir drifta av private. Ålesund er rangert som nr. 8 i landet, og 60 % av all kino-bruk i Møre og Romsdal i 2023 skjer på den kommersielle kinoen på Moa. Løvenvold Theater fyller ut kinotilbodet i sentrum av Ålesund.

Privat sektor er også kulturell og kreativ næring, det kan vere private kulturinstitusjonar som danseskular, private samlingar, galleri samt museum og reiselivsaktørar. Her ser vi i kulturindeksen at verksemdar innan kulturell og kreativ næring med høg verdiskaping i Ålesund er Atlanterhavsparken, Viti og Odeon kino.

Det frie kunstfeltet, dvs. kunstnarisk verksemd utan føreseieleg, fast inntekt eller driftsstøtte frå det offentlege, er også ein del av privat kultursektor. Dette er kunstnarar og utøvarar innan t.d. scenekunst og musikk. I Ålesund har kulturindeksen oversikt over 162 kunstnarar, flest musikarar, men også ein forholdsmessig stor del visuelle kunstnarar. Det er likevel låg kunstnartettheit samanlikna med andre kommunar og etter forventa kunstnartettheit.

Aktørane i Ålesund hentar ut relativt lite midlar frå statlege og regionale tilskotsordningar. Dette blir m.a. illustrert av at bere 2 av 20 søkjarar (10%) på Statens kunstnarstipend i 2024 fekk stipend, landssnittet er 19 %. I kroner er løyvingane 77% under landssnittet.

I medverknadsprosessane har det kome tilbagemeldingar om manglande støtteordningar til drift, mangel på møteplassar og nettverk for kompetanseløft, samt avgrensa moglegheiter for utdanning som nokon av dei største hindringane. I tillegg opplever aktørane innan kunst- og kulturturnæring mangel på politisk vilje og forståing, samt utilstrekkeleg kommunikasjon og synlegheit

⁵ Norsk kulturindeks er ei årleg oversikt over kulturtilbod og kulturaktivitet i norske kommunar og fylke. <https://kulturindeks.no/rapport/1508/1/1>

for kultursektoren. Det er også kome fram behov for gode produksjons-, øvings- og visningslokalene til ein rimeleg pris.

Frivillig kultursektor

Frivillig kultursektor gir eit godt tilbod av aktivitet til både born, unge og vaksne. I tillegg til aktiviteten sin eigenverdi og det å utvikle og lære ein ferdigheit, bidreg også aktivitet til inkludering i lokalsamfunnet, læring av samhandling og danning. Aktiviteten bidreg til innanforskap og demokratibygging. Lågterskel kulturtilbod for alle, som kor, korps og det frivillige kulturlivet der ein ikkje treng spesifikk fagkompetanse for å delta, men utviklar denne etter kvart, er ein del av den kulturelle grunnmuren.

Ålesund kommune har totalt 587 lag registrert under kulturfrivilligheit (inkl. idrett og friluftsliv), der 156 lag er registrert med kulturformål og 188 med rekreasjon og sosiale formål. Kulturfrivilligheta femnar om korps, kor og revygrupper, velforeiningar, kunstlag, filmklubbar, kulturminne- og seniorforeiningar. I tillegg kjem frivillige miljø som er eigenorganisert. Ålesund kulturråd arbeider for best mogleg forhold for all ytringskultur i Ålesund kommune. Dei har ei driftsavtale med kommunen og mottek årleg tilskot frå kommunen.

Vi ser i dag endring i frivilligheita i Norge. Det blir meir prosjektbasert frivilligheit, meir selektiv deltaking ut i frå eigne interesser – sjølvrealisering i staden for lokalsamfunnsbygging. Vi ser også ein meir profesjonalisert frivillig sektor, der både krav til økonomi, organisering og juridisk ansvar gjer at frivilligheita slit med rekruttering til styre og leiing. Fråfall i kulturaktivitet er større og startar tidlegare.⁶ Berre 38 % av barn og unge deltek i éin eller fleire organiserte kulturaktivitetar. 35 % har aldri delteke. Dans er den mest populære kulturaktiviteten, følgt av korps og orkestre. Grunnar til fråfall er m.a. økonomiske barrierar, der foreldre si låge inntekt hindrar deltaking, og sosial ulikskap, der foreldre si høge utdanning sikrar deltaking i kulturaktivitet.

Frivilligheit generelt utløyser stor aktivitet i lokalsamfunna, og skaper sosiale verdiar for samfunnet, som ikkje andre aktørar kan utløyse. Dei frivillige er drivne av motivasjon for ei sak eller ei oppgåve. Dette engasjementet er essensen i frivilligheita, eigenverdien.

SØA-rapporten⁷ viser at kultursektoren er ein viktig arena for frivilligheit. I 2018 var kultur og fritid si verdiskaping 39 milliardar. Dette er halvparten av all verdiskaping innan ideelle og frivillige organisasjonar. På samfunnsnivå, særleg gjennom HUNT-undersøkingane⁸, er det forska fram at frivilligheita fører til trivsel og lykke. Det er også ein sosial verdi at deltaking i kulturaktivitet kan føre til mindre problemåtferd blant unge, og difor redusere risiko for utanforskap. HUNT viser også signifikant betring av helse gjennom deltaking i kulturaktivitetar, særleg gjeld dette menn som har lågare dødelegheit i både kreft og hjarte-karsjukdom ved deltaking i kulturaktivitetar.

«Folkehelsepolitikk bør stimulere til økt kulturdeltagelse uavhengig av sosioøkonomiske levekår». - Bente Irene Løkken, forskar HUNT

⁶ Økonomiske barrierer for barn og unges deltakelse i kulturfrivilligheten. Institutt for samfunnsforskning 2024:7

⁷ Kulturfeltets plass i samfunnsutviklingen. SØA, rapport nr 34-2024.

⁸ Helseundersøkelsen i Trøndelag <https://www.ntnu.no/hunt>

Kulturfrivilligheita i Ålesund ligg på 126. plass på kulturindeksen⁹. Dette er høgst rangert blant dei kommunane vi samanliknar oss med, 42 % over snittet. Det er særleg deltaking i korps, historielag og kunstlag som skil oss positivt frå andre. Mva-kompensasjon kan seie noko om økonomien til kultursektoren. Her har frivillige organisasjonar i Ålesund rapportert at dei har utgifter som ligg 21 % over landsnittet, med 656 kr. pr innbyggjar.

Tilbakemeldingar frå feltet i medverknadsprosessane viser at tilstrekkelege og eigna lokalar for øving, produksjon, framføring og lager til kulturføremål og -aktivitet er viktig. Det er peika på kommunale lokalar som skulebygg som ein ressurs på kveldstid for frivilligheita. Det er også behov for å sjå på lagseigde bygg, der ein har større utfordringar når det gjeld finansiering av drift og rehabilitering. Det manglar eit kulturlokale i indre bydel i Ålesund.

Ein manglar også stabile tilskot til drift, og t.d. skulekorpsa etterlyser dette. Vidare er god kommunikasjon av kulturtilbod, tilbod av aktivitet og aktørane i feltet viktig. Transportutfordringar, til og frå arrangement og aktivitet for dei som ikkje har bil eller god økonomi, er til hinder for deltaking. Busstilbodet er også avgrensa i store delar av kommunen. I forlenginga av dette er det viktig med kultur i heile kommunen, og det å sjå by og distrikt i samanheng er mellom innspela som har kome inn. Det er behov for gode møteplassar for alle, både utandørs og innandørs. Både kyrkje og moské melder seg på som kulturarenaer som ønsker plass i planen. I tillegg har det kome innspel om at ein må avklare kommunen sitt engasjement innan kulturarv og Ålesund som Sunnmøres sterkaste nynorskkommune.

Offentleg kultursektor

Den kommunale innretninga på kultursatsinga er retta mot å fylle opp kulturlova sine krav til at alle innbuarar skal ha moglegheit til å delta i kulturaktivitet og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. Kommunen skal ha både økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak ovanfor kulturfeltet.


Kommunen leverer eit breitt tilbod til innbyggjarane innan kulturfeltet. Den kulturelle grunnmuren med kulturskule, bibliotek og Ung i Ålesund legg grunnlaget for at heile befolkninga skal ha eit kulturtilbod som det er låg terskel for å delta i. I tillegg er kommunale kulturhus rygggrad i kommunal kulturformidling både gjennom å tilby eigna lokale til utøving, både øving og framsyning. Kommunale kulturhus har også i oppgåve å programmere og tilby eige kulturinnhald som skal gi eit alternativ til kommersiell og privat kulturformidling. Slik tek kommunen ansvar for å tilby innbyggjarane mangfald, valfridom og tilbod om kulturopplevingar innan ei stor sjangerbreidde.

I Ålesund er kino og museum drive av private og ideelle aktørar, musea med delvis offentlig støtte.

Kulturindeksen viser at det særleg har vore realnedgang mellom 2019 og 2023 i utgifter til aktivitetstilbod til barn og unge, bibliotek og museum. Utgiftene til kulturskule og kommunale kulturbygg har auka ein del fram til 2023, men begge sank kraftig i 2024. Kulturindeksen viser også at vi hentar lite midlar til kommunen frå tilskotsordningar frå nasjonale, statlege og fylkeskommunale ordningar.


⁹ <https://kulturindeks.no/rapport/1508/1/1>

Ser vi på kommunale kulturutgifter har disse vore under lands- og fylkesgjennomsnittet sidan 2015. Ålesund kommune ligg også under i KOSTRA-gruppe 11, som femner om kommunar som er samanliknbare med omsyn til folketal, demografi m.m., og som vi derfor blir samanlikna med i mange samanhengar.



I 2023 brukte Ålesund 2,3 % av samla netto driftsutgift til kultur. I 2024 vart dette redusert til 1,8 %, kr 1 299 p.r. innbyggjar. For å kome opp på snittet av dei kommunane vi samanliknar oss med må det årlege kommunale budsjettet bli auka med i underkant av 40 millionar kroner.

I Ålesund i 2024 er dei kommunale kulturmidlane er fordelt mellom dei ulike kulturfelta som kommunen arbeider med, slik:



I medverknadsprosessane har det kome fram behov for nærare samarbeid mellom dei kommunale verksemdene for å saman løyse samfunnsutfordringane på ein god måte. Kultur og oppvekst samhandlar med/om dei same born og ungdomar, og kan saman gi eit heilskapleg tilbod til aldersgruppa. Samarbeid mellom kultur, skule og Ålesund kommunale eigedom (ÅKE), om bruk av skulelokale heile døgnet er også eit nærliggande tiltak, også for å redusere kommunale utgifter til bygg. Kunst og kultur sterkare inn i grunnskulen er innspel som kjem frå fleire. Likeså er eit samarbeidet mellom folkebibliotek og skulebibliotek eit prioritert satsingsområde.

Samhandling mellom kommunale samfunnsområde

At det er samanhengar mellom kultur og god helse har kulturaktørane hevda lenge, no kjem meir og meir dokumentasjon på dette, særleg gjennom HUNT-undersøkingane. Kultur kan vere del av løysing på komplekse utfordringar i helsevesenet.

Gode bumiljø og møteplassar får heva kvalitet gjennom samarbeid med kunstnarar og kultur om utvikling og tilgjenge til møteplassane. Kunst i offentleg rom og forvaltning av kunst som eigdomsforvaltning er også avdekka som behov. Her er ÅKE og verksemda Miljø og Samferdsle viktige aktørar.

Demokrati, kunnskap om historia vår og motstandskraft mot usikre tider blir bygd gjennom m.a. organisasjonslivet og deira strukturar, som no er anerkjent som ein del av totalforsvaret i Norge.

Desse innspela viser tilbake til det kulturelle økosystemet vist i figur s. 5. Alle aktørane sin innsats er avgjerande for å ha ein heilskapleg kulturell infrastruktur¹⁰ som gir alle innbyggjarane tilgang til gode arenaer og tilbod som styrker alle ledd i verdikjeda.

Her er Ålesund kommune sin innsats viktig for å bygge opp eit meir variert og komplett kulturtilbod, både for innbyggjarar, studentar og turistar.

Mange av innspela i medverknadsprosessen blir det allereie i dag arbeidd godt med både i kommunal forvaltning og blant andre aktørar. Planarbeidet kan samle og strukturere dette arbeidet i ei konstruktiv retning for det kulturelle økosystemet. Kulturfeltets verdier både for det enkelte menneske og for samfunnet som heilskap blir realisert på lik linje med andre politikkområde om vi jobbar strategisk, heilskapleg og langsiktig. Dette realiserer kommunen gjennom mål og strategiar i denne kulturplanen.

¹⁰ *Kulturell infrastruktur* er samfunnsstrukturar som legg til rette for både produksjon, opplæring, formidling og oppleving av kunst og kultur.

4. Kulturfeltet sin plass i samfunnsutviklinga

Rapporten “Kulturfeltets plass i samfunnsutviklingen” viser at kultur grip inn i, og blir påverka av, ei lang rekke samfunnsområde som helse, utdanning, lokal samfunnsutvikling og næringsliv, og kanskje spesielt i områder som det er knytt store utfordringar til. For å løyse komplekse utfordringar er vi nøydte til å arbeide på tvers av fagområda.

KS oppsummerer innsatsen på kulturfeltet med effektar for samfunnet innan 6 ulike kategoriar:

Kommunesektorens innsats på kulturfeltet - effekter for samfunnet					
Humane verdier	Sosiale verdier	Fysiske verdier	Økonomisk verdi	Politisk verdi	Natur, miljø og klima
- Vi lever lengre dersom vi deltar aktivt i kulturlivet fordi dette reduserer faren for sykdom og gir bedre livskvalitet - Kultur kan brukes til å behandle sykdom og trene opp pasienter med eks. slag eller talevansker fordi musikk styrker nervebanene i hjernen - Fordi kultur styrker nervebanene forbedres også evnen til å lære og huske	- Kultur forebygger utenforskap, og reduserer negativ atferd inkludert kriminell atferd og rusmisbruk - Deltakelse i kultur er viktig for lykkenivået i samfunnet	- Arenaer for kulturelle aktiviteter kan bidra til stedsutvikling, til attraktivitet og tilflytting - Fokus på kulturarv kan bidra til gjenbruk og mer bærekraftige løsninger	- Kultur skaper verdier gjennom sysselsetting innen egen bransje - Kultursektoren skaper verdier gjennom bruk av lokale leverandører av varer og tjenester - Kultur skaper verdier gjennom å tiltrekke seg tilreisende besøkende	- Kunst og kulturarenaer er arenaer for frie ytringer - Kulturell deltakelse bidrar til økt valgdeltakelse, og større samfunnsengasjement - Kulturell deltakelse bidrar til forståelse for andre kulturer og perspektiver - Kulturell deltakelse trener oss i å uttrykke oss og til å lytte til andre	- Kultursektoren kan gjennom bærekraftig drift bidra til bedre klima og miljø - Kultursektoren kan påvirke holdninger

Kategorisering og eksempler fra KS-rapporten: Kulturfeltets plass i samfunnsutviklingen, SØA 2024

Gapet mellom det som i sum blir forventet av kommunen og det som er mogleg å yte med dei ressursane som er tilgjengeleg vert kalla forventningsgapet,. Dettet aukar. Dette utfordrar dagens organisering av tenestene og måten oppgåvene blir løyst på. Vi må tenke nytt, med raskare omstilling og mobilisering av ressursar, både i og utanfor eigen verksemd. Her kan kulturen si innovative kraft spele ei rolle. Medverknadsprosessane har vist at det er viktig med tverrsektorielt samarbeid for å løyse uoversiktlige og komplekse utfordringar som er i rask endring og som krev samspel med mange aktørar.

Effektar av internt samarbeid over dei kommunale samfunnsområda (sektorane)

Som ein del av medverknad og forankring av kulturplanen er det halde dialogmøte mellom kommunale verksemder: helse, oppvekst, miljø og samferdsel og Ålesund kommunale eigedom (ÅKE). Erfaringa med denne dialogforma er god, og det var eit klart råd at kommunen må fokusere på tverrfagleg arbeid i framtida. Eit innspel frå eit dialogmøte:

Viktig at vi kjenner til kvarandre, både premisser, moglegheiter osv. Dette er forutsetning for samhandling og dagen i dag er eit veldig godt eksempel på akkurat dette. Vi treng å

møtast for å skape i lag! Og det er mange tenester som sit på mange moglegheiter som kunne vore utnytta mykje betre om vi kjende til kvarandre¹¹.

Planen vil legge til rette for et slikt strukturert internt samarbeid for å finne vegen vidare saman.

Effektar av eksternt samarbeid mellom kommunen, kulturfeltet og private aktørar

Vi har hatt to svært inspirerende medveknadsmøte i arbeidet med kulturplanen. Hundre engasjerte personar brukte ein ettermiddag og kveld på å vise kva dei brenn for og fann saman i meiningssberande samtalar. Kollegaer frå ulike kommunale verksemdar brukte ein halv arbeidsdag på det same. Responsen frå begge møta stadfester verdien i og effekten av å arbeide meir i samspel og samarbeid på tvers. Vi lærer av kvarandre, motiverer kvarandre og blir kjent. Vi oppdagar at vi trivest i lag og deler mange draumar og visjonar. Dette er i seg sjølv drivstoff for å bygge kulturliv og gode samfunn. Det er lett å bli overvelda eller kome til kort aleine. Saman lettar vi børa for kvarandre og oppdagar ressursar vi rår over til saman. Nye idear oppstår når vi løfter blikket og ser større samanhengar.

Samskaping krev at vi inviterer andre aktørar inn ut frå eit tydeleg formål og let dei som har engasjement for saka delta. I konkrete oppdrag må nokon ha eit ansvar for å drive arbeidet framover. Ein vanleg effekt er meir kontakt og samspel i det arbeidet som alt er i drift, eller at nokon finn ein samarbeidspartner til å utvikle eller sette ut i livet ein ide dei har gått med aleine. Samskaping gir meirverdi både i nettverk, samarbeidsklima, ressursbruk og konkrete tiltak.

Når vi arbeider slik at alle kan kome til orde på like vilkår, sikrar vi at verdifulle innsikter og kunnskap kjem fram, og reduserer omfanget av blinde flekkar i kunnskapsgrunnlaget. Det er påfallande mange som melder tilbake at dei ønskjer meir av dette, at det er effektiv bruk av tid, gir energi og mot til å halde fram og trua på at vi kan få til store ting i lag. Det vil være ei viktig oppgåve for kommunen å bidra til nøkkelmøter for samskaping og samspel på tvers.

Medverknadsprosessane i førebuingane til utarbeiding av planen peiker ut fleire aktuelle tema for samskaping. Særleg gjeld dette dei sosiale, humane og politiske verdiane, der ein skapar innanforskap, tilhøyrsløse og demokrati, men det gjeld også konkrete utfordringar som ein treng å samarbeide om, både for å definere utfordringar og moglege løysingar:

- Behovet for gode møteplassar for alle, både utandørs og innandørs.
- Transportutfordringar, til og frå arrangement og aktivitet for dei som ikkje har bil eller god økonomi. Busstilbodet er også avgrensa i store delar av kommunen.
- Ønskje om bruk av skulelokala på tidspunkt der skule ikkje brukar dei, kveld og helg.
- Viktigheita av kultur i heile kommunen og å sjå by og distrikt i samanheng.

¹¹ Innspel i dialogkafè 25.04.25 med dei kommunale verksemdene.

5. Samfunnsutfordringar der kultur er ein del av løysinga

Å legge til rette for at samfunnsverdiene av kultur skal kunne oppstå i godt samspel med andre sektorar er viktig for at kultur skal vere ein del av løysinga på utfordringane samfunnet står ovanfor. Kjernekompetansen i kulturfeltet samsvarer tett med dei ferdigheitene forskingsmiljøa definerer som framtida si viktigaste kompetanse; kreativitet og innovasjon, kritisk tenking og problemløysing, kommunikasjon og samarbeid. Med tankesett og metodar kan kulturfeltet bidra til å utvikle måten vi som samfunn jobbar på.

KS oppsummerer kva satsinga på kulturfeltet bidreg til:

Kommunesektorens innsats på kulturfeltet bidrar til:					
helhet og sammenheng	at hele befolkningen gis tilgang på kultur	at vi skal ha et mangfoldig kulturtilbud	at det legges til rette for fremtidens kulturliv	at det finnes ulike typer tilrettelagte arenaer	at det jobbes med innovasjon og utvikling
- At innsatsen på kulturfeltet ses i sammenheng med en overordnet samfunnsutvikling - At kultur kan bidra til andre politikk-områder og at andre politikkområder kan bidra til kulturfeltet	- Kulturtilbud tilpasset spesifikke innbyggergrupper, alt fra babysang til demenskor - Ulike tiltak for å ta ned barrierer for å delta, blant annet økonomi, eks. fritidskort - Ulike tiltak for å gi innbyggerne kultur der de befinner seg, eks. driftsstøtte til turnerende teatre, eller oppsøkende kulturskoleundervisning - Driftsstøtte til kulturfrivilligheten	- Bidra til at utøvere innen småle genre får offentlig støtte - Etablering av arenaer for spesifikke kunstuttrykk som trenger et løft, eks. minoritetskultur - Sørge for at barn og unge får møte ulike kunstuttrykk eks. gjennom DKS	- Driftsstøtte til frivillig kulturliv, som også kan bidra til rekruttering - Opplæring innen kultur i undervisningen i skolen, samarbeid mellom skole og kulturinstitusjoner - Praksissteder/læreplasser i samarbeid mellom videregående skoler og kulturinstitusjoner - Stipender og priser til kunstnere under etablering - Arenaer for klyngesamarbeid og faglig utvikling	- Egen investering og eierskap i kulturarenaer - Investeringsstøtte til kulturarenaer - Driftsstøtte til kulturarenaer - Husleiestøtte til ulike kulturaktører - Løfte frem kulturformål når byområder skal utvikles eller når bygninger skal gjenbrukes	- Prosjektstøtte for utvikling av nye konsept - Støtte til mer bærekraftig drift - Tilrettelagte arenaer for relasjonsbygging og erfaringsdeling i kultursektoren

I kunnskapsgrunnlaget til Ålesund kommune sin planstrategi 2024 – 2027 er det utarbeidd ei oversikt over utviklingstrekk og utfordringsbilde for kommunen.

Enkelte utviklingstrekk med både kort- og langsiktige konsekvensar er løfta fram som særleg sentrale for Ålesund kommune. Dei mest sentrale er at vi vil ha ei folketalsutvikling og endringar i befolkningssamansetninga der vi blir ein eldre befolkning. Vi vil ha svekka økonomisk handlingsrom. Utanforskap i samfunnet kan bli større t.d. ved helseutfordringar. Større globale trendar gjer at samfunnsstryggleik og beredskap er i spel. Digitalisering, modernisering og teknologisk utvikling påverkar samfunnet, både som ei kjelde til god informasjon og kontakt mellom menneske, men også som ei kjelde som kan destabilisere og skape mistru mellom det offentlege og mellom grupper.

Sterk aldring i befolkninga er den mest markante demografiske endringa i Ålesund i dei kommande åra. Dette vil få konsekvensar for arbeidet også innan kultur. Kulturfeltet er i utgangspunktet universelt utforma sidan det er organisert og opplagt til at alle grupper skal kunne bruke det same kulturtilbodet. Nokon grupper treng kanskje noko tilrettelegging. Kultur og frivilligheita si universelle, opne og inkluderande tilnærming til aktivitet og det å bygge breie strukturar for alle, skaper innanforskap og kan vere ei ny tilnærming til løysingar på utfordringane.

«Kultur og det frie ordet er av stor betydning for sivil motstandskraft» står det i totalberedskapsmeldinga. Kulturfeltet og kulturfrivilligheita bygger demokrati, identitet og innanforskap, bygger

gode strukturar og beredskap i tider med større samfunnsendringar. Frivillig sektor kan også spele ei rolle i mobilisering. Tap av kulturminne og kulturarv som er ein del av identiteten vår kan vere ein konsekvens av invasjon eller krig.

Kultur som demokratisk infrastruktur

Kulturell aktivitet bidreg til å skape tillit, toleranse og solidaritet blant innbyggjarane, og aukar demokratiske haldningar på tvers av sosioøkonomisk bakgrunn og en forutsetning for et levende demokrati.

Den nye EU-rapporten «*Culture and democracy – the evidence*» viser at dei som deltek aktivt i kulturlivet også deltek meir i demokratiet. Dei stemmer oftare i val, er frivillige og har meir inkluderande haldningar. Å delta aktivt i samfunnet aukar samtidig følelsen av tilhørshet til fellesskapet. Dette er kultur som sosial utjamnar.

Den kulturelle grunnmuren er den lokale infrastrukturen som gir alle innbyggjarar tilgang til kunst og kunsthøgskule kompetanse, deltaking og oppleving. I Ålesund kommune sine tenester blir dette definert som biblioteka, kulturskolen, fritidstilbod for ungdom, kulturhus, møteplassar og museum. Frivillig sektor og alt av fritidstilbod desse skapar er også ein viktig del av grunnmuren. Saman er desse viktig demokratisk infrastruktur og ein grunnstamme i demokratiet.

Kunstnaren har ein unik evne til å stille spørsmål ved makt, opne rom for refleksjon og gi stemme til dei som ikkje blir høyrte. Når kunstnarisk fridom blir svekt, blir også demokratiet svekka. Armlengds avstand mellom tilskotsgivar og kunstnarar er viktig, også gjennom den offentlege finansieringa av kunstuttrykk, t.d. gjennom Ålesund sine tilskotsordningar.

Digitalisering handlar om moglegheiter, men også utfordringar. Teknologi kan danne grunnlag for økt medverking og medbestemming, og kan styrke eit demokrati under press. Samtidig skapar falske nyheiter og desinformasjon problem. Kunst og kultur har innovativ kraft og kompetanse til å sette samfunnsutfordringar på dagsorden og utfordre etablerte samfunnsbilde.

Under Arendalsuka 25 ble tema barn og unge i ei uroleg verd drøfta. Ut av dette kom kronikken «En verden i endring krever nytenking¹²». Kronikken er avslutta med

Kunst og kultur gir barn og unge meir enn opplevelser. Det rustar dem for livet. Og i en verden preget av uro, er det en av de tryggeste investeringene en kan gjøre.

¹² www.kulturtanken.no/aktuelt/2025/kronikk-en-verden-i-endring-krever-nytenking/

6. Innsatsområde for kultur i Ålesund

Kultur er ein premiss for ei god samfunnsutvikling for alle, med livskvalitet, aktivitet, møteplassar, innovasjon og attraktivitet. Det er meir enn politiske festtalar og pynt på kaka. For å styrke innsatsen i Ålesund kommune må ein støtte opp om kultur i alle samfunnsområda.

I Ålesund vil vi dei neste 12 åra ha særleg fokus på 3 innsatsområde innan kulturfeltet.

Til saman dannar dette eit avgjerande fundament for kulturkommunen Ålesund, eit samfunn med sosial berekraft, som ein føresetnad for vidare økonomisk verdiskaping med kunst og kultur som utgangspunkt.

6.1. Innsatsområde 1 - Kultur heile livet

Innsatsområde 1, Kultur heile livet, bidreg til livskvalitet og innanforskap på ulike måtar gjennom eit menneskeliv. Kultur har ulik plass og vekt gjennom livet, og er med i danninga av menneske som bidreg inn i samfunnet med sine ressursar.

Det bidreg til toleranse, demokrati og menneskeverd. Det gir også innbyggjarane i Ålesund fri-dom til å delta i og oppleve varierte og relevante kunst og kulturuttrykk tilpassa den enkelte sine preferansar.

Ålesund sitt kulturliv skal være prega av stor grad av deltaking. Kulturaktivitet og kulturoppleving er ei kraft i menneska sitt liv. Vi møter kultur gjennom heile livsløpet frå babysong til demenskor. Kultur bidreg til livskvalitet og meiningsskaping, til demokrati og helse.

Kultur blir skapt i samhandling mellom ulike aktørar. Kommersielle aktørar, frivilligheita, kunst og kulturaktørar innan institusjonar og det frie feltet saman med kommunal aktivitet skaper kulturlivet i Ålesund. Til saman skaper dette eit relevant og variert tilbod for alle innbyggjarane i kommunen.

Ålesund kommune har eit spesielt mandat for å sikre at vi i kommunen har eit mangfaldig, variert og likeverdig tilbod for alle innbyggjarane, slik at kvar enkelt kan velje aktivitet ut i frå egne interesser. Dette ser vi m.a. gjennom fritidserklæringa, som er bygd på FN sin barnekonvensjon, som slår fast at alle barn skal ha moglegheit til å delta jamleg i minst éin organisert fritidsaktivitet saman med andre. Ei særleg oppgåve for kommunen er da å også ta vare på «mindretalet» sine behov, gjennom å stimulere smalare kulturuttrykk og støtte opp om dei ikkje-kommersielle aktivitetane, slik at utvalet til innbyggjarane blir størst mogleg.

Det er etablert ein funksjonsfordeling som skal sørge for kulturtilbod til alle. Tradisjonelt har kommunen hatt ei målgruppetenking, der born og unge sin aktivitet har vore høgt prioritert, både politisk og gjennom kommunale tiltak. Tilbod til eldre har også til ei viss grad vore prioritert, særleg gjennom stønad til frivillige eldreorganisasjonar og arrangement. Dei siste åra har det også vore sterkare fokus på kultur og helse, t.d. demenskor. Kulturtilbodet til vaksne har tradisjonelt vore tatt i vare av private og frivillige aktørar. Den kulturelle grunnmuren i kommunen gir også kulturtilbod for alle, som bibliotek, kulturskule og kulturhus.

Eit universelt og inkluderande kulturliv skapar innanforskap, og er også ein ressurs for å utvikle eit mangfaldig og variert samfunn. Det er eit mål at kulturlivet framleis er den opne og universelle arenaen, der dei fleste nyttar seg av det same kulturlivet, nokon grupper med meir tilrettelegging enn andre.

For å skape attraktive lokalsamfunn som er gode å bu i blir det viktig med å fortsette satsinga og støtte opp om den kulturelle grunnmuren, opne møteplassar og kulturfrivilligheita i kommunen.

I medverknadsprosessen vart behovet for mangfald og bredde trekt fram som viktig, saman med godt samspel og samordning mellom kulturaktørane.

Mål og strategiar:

Mål 1.1: Alle innbyggjarar i Ålesund skal ha moglegheit til å delta i og oppleve varierte og relevante kunst og kulturuttrykk.

Strategi

S1.1.1. Styrke samhandling mellom aktørane i kulturfeltet (frivillig, offentleg, privat og profesjonell kunst- og kultursektor) som eit økosystem som saman bidreg til eit variert kulturtilbod.

S1.1.2. Den kommunale satsinga innan kultur skal vere sterk og supplere og bygge opp om privat infrastruktur gjennom ulike tilbod og satsingar.

S1.1.3. Ålesund kommune tek eit særleg ansvar for å bidra til eit meir variert og breitt utval av kulturuttrykk, særleg det som ikkje andre tilbyr. Kulturtilbod skal vere universelt tilrettelagt slik at flest mogleg kan delta.

Mål 1.2 – Barn og unge har eit oppvekstmiljø med eit godt tilbod om kultur- og fritidsaktivitet der dei bur.

Strategi

S1.2.1. Ung i Ålesund styrkar og utviklar gode møteplassar for ungdom i heile kommunen

S1.2.2. I alle kommunedelane skal barn og unge skal ha tilgang på opne møteplassar med rom for ulik aktivitet. Kommunen må nytte overordna strategiske satsingar med samarbeid mellom t.d. folkebibliotek og skulebibliotek eller mellom kulturskule og skule.

S1.2.3. Kommunen har verkemidlar for å støtte opp om aktivitet og føremål som styrker og utviklar breidda i kulturtilbodet.

S1.2.4. Utvikle og styrke kvaliteten på tilboda gjennom medverknad og samskaping med barn og unge.

S1.2.5. Sikre at barn og unge har tilgang til profesjonelle arenaer for å oppleve og utøve kunst og kulturaktivitetar.

Mål 1.3 – Den kulturelle grunnmuren i Ålesund held høg kvalitet, og er tilgjengeleg for alle innbyggjarane.

Strategi

S1.3.1. Styrke den kulturelle infrastrukturen gjennom samarbeid mellom aktørane.

S1.3.2. Kulturskulen skapar deltaking, meistring og utvikling gjennom eit variert og aktuelt fagtilbod av høy kvalitet.

S1.3.3. Biblioteket tek ein leiande posisjon som kultur- og litteraturformidlar, og arena for opplevingar, debatt og læring.

S1.3.4. Ung i Ålesund styrker og utviklar gode møteplassar for ungdom i heile kommunen

Mål 1.4. – Ålesund har ei levande kulturfrivilligheit.

Strategi

S1.4.1 Kommunen og det frivillige kulturlivet samarbeider systematisk for å utvikle kulturfrivilligheita.

S1.4.2. Kulturlivet i Ålesund hentar inn fleire regionale og nasjonale tilskot .

Mål 1.5 – Ålesund har eit ope, inkluderande og mangfaldig kulturliv.

Strategi

S1.5.1. Kulturlivet skaper innanforskap gjennom opne aktivitetar i lokalsamfunna, der innbyggjarane har eit variert tilbod om aktivitet heile livet.

S1.5.2. Kommunen skal ha verkemidlar for å skape eit inkluderande og mangfaldig kulturliv.

S1.5.3. Aktivitetane og arenaene vår skal vere tilgjengelege og universelt tilrettelagte for

6.2. Innsatsområde 2 – Kulturarenaer i Ålesund

Innsatsområde 2, Kulturarenaer i Ålesund, gir innbyggjarane møteplassar og arenaer for dagleglivet og for dei særlege markeringane. Dette er arenaer for oppleving, skaping, berekraft, demokrati og inkludering. Gode og eigna lokale er ein kostbar og avgjerande ressurs som må nyttast best mogleg gjennom fleksibilitet og effektivitet.

Kulturell infrastruktur er samfunnsstrukturar som legg til rette for både produksjon, opplæring, formidling og oppleving av kunst og kultur. Denne strukturen kan dreie seg om alt frå fysisk tilrettelagte arenaer, tilpassa digitale moglegheiter, økonomiske og organisatoriske grep og at det er eit variert innhald i kulturlivet som er komplementært til det kommersielle tilbodet. Tilgjengelegheit, t.d. universell utforming og transport er ein del av infrastrukturen. Opplæring innan kultur er ei tidslinje som kommunen må stimulere mest mogleg. Her kan eit barn starte opplæring i grunnskule, få meir spesialisert opplæring i kulturskulen, vidaregåande opplæring t.d. på Ålesund vidaregåande skule, Fagerlia, før ein får ei utdanning på høgskule/universitetsnivå. Seinare kan dette barnet komme tilbake til kommunen og undervise i skule/kulturskule, sjølv vere ein profesjonell utøvar og også sikre samarbeid og utvikling med frivillige lag og organisasjonar, til dømes ved å vere ein betalt eller ubetalt ressurs for eit korps.

Arenaer som er lagt til rette for kultur er ein viktig del av den kulturelle infrastrukturen og Ålesund må satse vidare på gode og tenlege lokale til kulturlivet. Det er behov for eit mangfald i type arenaer, både for øving, framføring og oppleving. Finansiering av kulturbygg og arenaer må på dagsordenen, her kan kultur lære av idrett der ein har gode system for dette. Sambruk av lokale, t.d. skulelokala på kveldstid for kulturaktivitet, er ei god moglegheit for god ressursutnytting for kommunen, men også utfordrande med tanke på samarbeid om dei same lokala. ÅKE er her ein nøkkelaktør for å utforme nye lokalar til sambruk, med reell kvalitet også for kultur, t.d. korps og behovet for lydtilpassa øvingslokale. Dette er aktualisert gjennom satsinga på heilskaplege oppvekstmiljø, korleis skule, barnehage, SFO, fritidsklubbar og kulturskule saman kan gi ein heilskap i tilbodet. Kulturhusa er også gode ressursar i grunnmuren som samlingsstad, oppleving av profesjonell kunst og kultur, og arena for framføring av kultur også for frivillig kulturliv.

Den kulturelle grunnmuren er i stor grad kommunen sitt ansvar og er førstelinetenesta for kultur. Dette er infrastrukturen av aktørar og tilbod som har låg terskel for deltaking, og som gir eit basis kulturtilbod til heile befolkninga. Den består av kulturskule for barn og unge, utan opptakskrav. Biblioteket som er gratis og opet for alle. Kor og korps og det frivillige kulturlivet er en viktig del av grunnmuren, der kommunen bidreg til finansiering av kulturfrivilligheita. Opne møteplassar som fritidsklubbar er også ein sentral del av grunnmuren.

Bygging av den kulturelle grunnmuren er ein stor premissleverandør også for det resterande kulturlivet, det styrkar den kulturelle infrastrukturen. Utan opplæring innan kunst- og kulturfag, blir rekruttering til det profesjonelle kulturlivet svekka. Utan dei lokale arenaene, blir infrastrukturen for spelestader for utøvande kunstnarar svekka. Det profesjonelle kulturlivet, som bygger på den kulturelle grunnmuren, er sentralt i kommunen. Det er difor viktig å sjå alle aktørane i dette kulturelle økosystemet i samanheng.

Innspela fra workshopen Ålesund kommune hadde for kulturaktørar, næringsliv, academia, reiseliv og andre interessentar, viste at det er ønskeleg med kraftfulle kultursenter i Ålesund. Utviklinga av bygg og innhald på Sørsida (inkl. kulturskule og bibliotek) kan være med å verkeleggjere mange av innspela. Det vart peika på at den offentlege økonomien må prioritere dette, og

at det er viktig at politikarane våre ser synergiane eit levende kulturliv kan tilføre av attraktivitet i kommunen.

Marknadsføring og synleggjering av kultur er også understreka som viktig. I workshopen vart det sagt at reiselivet i dag ikkje marknadsfører Ålesund som kulturby av reiseliv og nøkkelord for å oppnå dette er langsiktig innsats og kvalitet. Det kom også fram ønske om å stille byromma gratis til disposisjon for kulturlivet, slik at vi får fleire møteplassar, liv og aktivitet.

Mål og strategi:

Mål 2.1: Ålesund har gode arenaer og lokale for å skape, oppleve, formidle og delta i kunst- og kulturaktivitetar

Strategi

S2.1.1. Sikre god tilgang på eigna lokale i alle kommunedelane med god kapasitet og effektiv og fleksibel bruk av lokala.

S2.1.2. Kulturlivet i Ålesund kommune skal ha eigna lokale for øving og produksjon, framføring/utstilling og lagring av utstyr.

S2.1.3 Møteplassar i Ålesund skal vere livsynsopne arenaer, som er like opne for minoritetsgrupper som majoritet.

Mål 2.2. Ålesund har gode og tilgjengelege offentlege uterom for trivsel i kvardagane

Strategi

S2.2.1. Offentlege møteplassar og kulturarenaer skal vere universelt tilrettelagt og utsmykka med kunst.

S2.2.2. Byromma i Ålesund er utforma med universell tilgang for variert aktivitet.

Mål 2.3. Sørsida, med kulturhamna og kulturinstitusjonar, blir realisert.

Strategi

S2.3.1. Sikre at Sørsideplanen tek i vare kulturlivet sine behov.

Mål 2.4. Jugendbyen som kulturarena blir vidareutvikla

Strategi

S2.4.1. Støtte opp om det Nasjonale Jugendstil-senteret og bidra til å løfte og ta i vare jugendstilen i Ålesund.

S2.4.2. Opprette stilling som byantikvar

6.3. Innsatsområde 3 - Attraktive Ålesund

Innsatsområde 3, Attraktive Ålesund, bygger ein attraktiv by og gode bygder. Kunst og kultur er fundamentalt for eit samfunn som fremmer læring, utvikling og innovasjon og er drivkraft for vidare utvikling av Ålesund.

Kommunen sin visjon er at Ålesund skal være det kulturelle knutepunktet mellom Trondheim og Bergen. For å oppnå dette målet må vi investere i kultur og det frivillige kulturarbeidet i heile kommunen, og vi må gi barn og unge gode vilkår for kulturopplevingar og kulturutøving.

Vi må stimulere og bygge vidare på urbane kvalitetar som kreative møteplassar, god utforming av uterom, identitet og særpreg som Jugendbyen. Testing av midlertidige byrom som vi no ser i Kulturhamna er viktig for attraktiviteten i Ålesund. Sjølv om urbanitet blir kopla mot byen kan dette også vere kvalitetar som kjenneteiknar andre bygder og lokalsamfunn i kommunen. Urbanitet kan handle om den sosiale og kulturelle kvaliteten ved (by)livet – ikkje berre at det er mange menneske, men korleis folk lever saman i eit ope, variert og aktivt miljø.

Vi må sørge for at arenaene våre har kvalitetar på nasjonalt nivå, og at Kulturhavna/Sørsida får ein form og eit innhald som gir Ålesund sentrum auka attraktivitet. For å oppnå visjonen, må vi også legge forholda til rette for at den profesjonelle delen av kulturen har gode rammevilkår, dette er ei viktig brikke for byen og tiltrekkingskrafta til regionen.

Ålesund er regionssenteret på Sunnmøre, men også eit kulturelt tyngdepunkt i fylket. For å være en attraktiv kommune, både for innbyggjarane, moglege tilflyttarar og turistar, er det nødvendig å styrke dei felta som kommunen i dag ligg litt lågt på, t.d. arbeidsplassar innan kulturell og kreativ næring.

Innspel i medverknadsprosessen er m.a. vi må tørre å tenke stort, og forslag om Festspel og finansiering av ein Sinfonietta (lite profesjonelt orkester) vart trekt fram.

Levande og attraktive lokalsamfunn

Eit lokalsamfunn som er levande inneheld ei rekke ulike komponentar som til saman gir eit attraktivt bumiljø. Der det er møteplassar, moglegheit for aktivitet og for å delta i samfunnslivet og moglegheit for å oppleve kunst og kultur i dagleglivet. Eit lokalsamfunn som har tilbod til alle aldersgrupper har også eit fortrinn. Den kulturelle grunnmuren er viktig, også uformelle møteplassar for ulike aldrar, eit attraktivt senter, gjerne med utandørs møteplassar med kunst i offentleg rom. Lett tilgang til transport til og frå er viktige element som skaper attraktivitet og aktivitet.

Å finne urbane kvalitetar i bygdene, som tett og variert busetnad med korte avstandar og blanda funksjonar i same område. Dette er bustader, butikkar, kafear og arbeidsplassar, strukturar som inviterer til ferdsel og opphald. Også menneskeleg mangfald (alder, kultur, språk, livsstil) og stort spenn i aktivitetar, med kulturuttrykk som kunst og konsertar gjer lokalsamfunna attraktive.

Identitet og kulturhistorie

Å ta vare på, og å vite om, kulturhistoria vår er ein del av det som skaper identitet og fellesskap. Dette gir eit bilede av kven vi var, kven vi er og kanskje også kven vi vil bli i framtida. Ein identitet som fremmer fellesskap gjer staden attraktiv. Samtidig må identitet ikkje ekskludere, men

forklare og peike framover. Særpreg i Ålesund er element som jugendstilen, kaupangen i Borgund med busetnad frå langt tilbake i tid, havet og tilknytninga til sjø, både som ferdsle (knutepunkt i pilgrimsleden), handel og eksport av fisk. For å forstå oss sjølv og identiteten vår er det viktig med kunnskap om fortida og kvar vi kjem frå.

Denne identiteten samlar også Sunnmøre, der Ålesund er det naturlege senter for Sunnmøringen.

Eit kulturbasert reiseliv vil kunne formidle historia og identiteten og gjere dette til eit unikt produkt for kommunen. Det ligg eit uforløyst potensial i å knyte arrangement tettare saman med næring, kunnskap og kulturturisme. Kulturturistane er meir aktive og brukar meir pengar enn andre ferie-reisande. Dei har høgast gjennomsnittleg døgnforbruk, blir lenger, og reiser oftare fleire saman, (jf. Innovasjon Norges Turistundersøking). Vi treng meir kunnskap om kven kulturturistane er, for å styrke tilrettelegginga. Den vakre naturen og unike omgivnadane gir også moglegheit til å kombinere kultur og natur og legge til rette for kulturturisme.

Verdiskaping gjennom kunst og kultur

Kulturinstitusjonar, kulturelle og kreative næringar er en sentral del av kommunen sitt kulturfelt, og ein viktig drivkraft for økonomisk vekst, innovasjonsevne og byutvikling.

Kreative næringar, kunst- og kulturliv er betydelege kompetanseressursar. Denne må vi involvere i utviklinga av kommunen og sette dei ulike kreative miljøa i samspel. Dette vil løyse ut både produksjonsevne og innovasjonskraft. Vi må legge til rette for eit systematisk samarbeid mellom kulturelle og kreative næringar, og kommunen.

Ålesund kommune står ovanfor betydelege økonomiske utfordringar som påverkar kunst- og kulturnæringa. Manglande støtteordningar til drift, mangel på møteplassar og nettverk for kompetanseløft, samt avgrensa moglegheiter for utdanning, er nokon av dei største hindringane. I tillegg opplever aktørane innan kunst- og kulturnæring en mangel på politisk vilje og forståing, samt utilstrekkeleg kommunikasjon og synlegheit for kultursektoren.

Til tross for disse utfordringane, har Ålesund store moglegheiter. Kommunen har eit aktivt næringsliv som støttar kulturlivet, ein sterk delingskultur og samarbeid på tvers av næringar.

Vi må sjå kulturplanen i samanheng med kommunen sine overordna planer og strategiar for å sikre ei heilskapleg tilnærming til utviklinga av kommunen som ein attraktiv destinasjon for både kultur- og naturbasert turisme. Særleg må kulturplanen bli integrert med kommunen sin reiselivsstrategi for turisme, og med næringslivsstrategien for kulturnæring.

Regionalt kultursenter

Ålesund har kulturinstitusjonar, arrangement og tilbod som gjer kommunen til eit naturleg kulturtelt senter i Møre og Romsdal. Her er kulturinstitusjonar som: Ålesund Symfoniorkester, Parken kulturhus, Aalesunds museum, Sunnmøre museum, Jugendstilsenteret og KUBE, Fjord Cadenza, Høstscena, Atlanterhavsparken, Momentium, kor- og korpssatsinga over heile kommunen, eit sterkt kunstmiljø og ei rekke større festivalar.

Vi skal arbeide for at Ålesund er ein attraktiv kunst- og kulturby for kulturaktørar og -miljø, med gode moglegheiter til å produsere, formidle og distribuere profesjonell kunst og kultur.

Kulturarrangement har verdi på fleire måtar. Attraktivitet og synlegheit blir større, dei skapar opplevingar, livskvalitet og bulyst. Dei trekker besøkande til kommunen og bidreg til lokal verdiskaping.

Kommunen skal være ein aktiv samarbeidspartner, tilretteleggjar og pådrivar for å oppnå dette, men mange av måla for dette innsatsområdet kan vi berre oppnå gjennom systematisk og forpliktande samarbeid mellom offentlege og private aktørar.

Universitetsbyen Ålesund

Med institusjonar som NTNU og Norsk maritimt kompetansesenter (NMK), har Ålesund tilgang til akademisk kompetanse, ressurspersonar og et sterkt fagmiljø for forskning. I tillegg til dette kjem studentar som potensielle brukarar av ulike tilbod. Studentane etterlyser samarbeid med kommunen og aktivitetar i byen. Her er eit samarbeidspotensiale med NTNU og NMK, både for å sikre og styrke eit breitt utval av studietilbod i kommunen. Slik rekrutterer vi lettare studentar til kommunen og beheld studentane etter gjennomført studie, slik at næringslivet kan konkurrere om relevant arbeidskraft.

For å møte utfordringane og utnytte moglegheitene, er det ein rekke tiltak som blir vurdert. Fokus må være på samarbeid og ressursdeling.

Mål og strategiar:

Mål 3.1. Kultur er med på å bygge samfunn og skape god livskvalitet i Ålesund.

Strategi

S3.1.1. Fremme samhandling mellom kommunale verksemdar og kommunalområder for å sterkare implementere kultur som del av løysinga på komplekse samfunnsutfordringar

S3.1.2 Auke samhandlinga mellom kulturfrivilligheita og kulturinstitusjonane for å bygge feltet si evne til å vere ein aktiv aktør i lokalsamfunn, kommunen og regionen

S3.1.3. Skape bulyst gjennom gode lokalsamfunn med attraktive møteplassar og aktivitetar for alle innbyggjarar

Mål 3.2. Ålesund har levande lokalsamfunn og ein identitet bygd på historia vår.

Strategi

S.3.2.1. Skape attraktive byrom og nærmiljø med kulturelle kvalitetar

S.3.2.2 Kulturarven vår og det som har forma Ålesund til det vi er i dag er synleg og kjent for innbyggjarane.

S3.2.3 Kulturarven vår er eit sterkt grunnlag for Ålesund kommune som reisemål og turistdestinasjon.

Mål 3.3: Ålesund har eit dynamisk, breitt og inkluderande kunst- og kulturliv som har stor verdiskaping og tiltrekker seg både lokale og internasjonale aktørar.

Strategi

S3.3.1 Styrke kompetanse og lage struktur for systematisk samarbeid mellom kulturelle og kreative næringar og kommunen.

S3.3.2 Ålesund tek ei aktiv rolle som vertskommune for nasjonale og regionale kulturinstitusjonar og organisasjonar. Gjennom samarbeid blir effektane av å ha desse regionale institusjonane i kommunen styrkt.

S3.3.3 Stimulere til verdiskaping gjennom produksjon, formidling og distribusjon av kunst og kultur.

Mål 3.4: Ålesund er regional motor og det kulturelle tyngdepunktet mellom Bergen og Trondheim

Strategi

S3.4.1 Legge til rette for Ålesund som ein attraktiv arrangementsby, både gjennom arenautvikling, infrastruktur og servicenivå av høg kvalitet.

S3.4.2. Utvikle system og arbeidsformer som knyt arrangement godt saman med næringsliv, kulturturisme og utdanningsinstitusjonar.

S3.4.3. Legge til rette, men også å utføre tiltak for ein brei og inkluderande institusjonsforvaltning. Fasilitere for regionale institusjonar med sentrale ansvar som, Jugendbyen, Teaterbyen og festivalkommunen.

S3.4.4. Stimulere til etablering av profesjonelle kulturarbeidsplassar.

S3.4.5. Legge til rette for regionale og statlege kulturinstitusjonar og kulturarbeidsplassar i kommunen.

Mål 3.5. Universitetsmiljøet er aktivt og til stades i Ålesund sitt by- og kulturliv.

Strategi

S3.5.1. Tilrettelegging for systematisk samskaping mellom kommune, universitet, studentmiljøet og kultur- og næringsliv.

S3.5.2. Tiltrekke og behalde kompetansesarbeidarar gjennom eit godt kunst og kulturliv.

S3.5.3 Styrke eit godt kunst og kulturliv gjennom eit sterkt kompetanse- og universitetsmiljø

7. Deltaking i utarbeiding av planen

Politisk representasjon

Hovudutval kultur og oppvekst er politisk ansvarleg for planen. 2.12.24 vart det gjennomført eit seminar der målet var å gi rom for å løfte politiske innfallsvinklar. Referat ligg på heimesida.

Dei politiske råda og kommunedelsutvala har handsama oppstart av planarbeidet og gitt sine føringar i sak i september 24. Dei har også utnemnt representant til referansegruppa. Det vart også orientert om planarbeidet i fellesmøte med alle kommunedelsutvala i møte 30.01.25.

Administrativ organisering

1. Administrativ styringsgruppe i kommunalområde samfunn har bestått av:

Sol Berntsen Slinning / Ingunn Osdal Stette - kommunalsjef /assisterande kommunalsjef, leiar

Oskar Skulstad – verksemdsleiar Kultur og fritid

Gro Dalen – verksemdsleiar Kulturskole/konstituert verksemdsleiar kultur og fritid

Hege Steinsland – verksemdsleiar Innbyggartorg og bibliotek

Miki Campins – konstituert verksemdsleiar kulturskole

Anita Nøringseth Øen – avdelingsleiar kultur

Sissel L. Aarseth – rådgivar kultur, prosjektleiar for kulturplanen

2. Arbeidsgruppa har bestått av:

Oskar Skulstad – verksemdsleiar Kultur og fritid, leiar

Gro Dalen – verksemdsleiar Kulturskole/konstituert verksemdsleiar Kultur og fritid

Hege Steinsland – verksemdsleiar Innbyggartorg og bibliotek

Miki Campins – konstituert verksemdsleiar Kulturskole

Anita Nøringseth Øen – avdelingsleiar kultur

Sissel L. Aarseth – rådgivar kultur

Lin M. Nordberg Jakobsen/Tor Erik Standal - rådgivar kultur

Interne samhandlingsmøter

I perioden november 24 – januar 25 vart det halde 4 samhandlingsmøter med dei relevante kommunale verksemdene. Her vart det orientert om kulturplanen og avklart felles utfordringar og styrker som vi saman kan jobbe vidare med. Vi møtte helse-, oppvekst-, miljø og samfunnsavdelingane, samt Ålesund kommunale eigedom.

25.04.25 – vart det arrangert ein halv-dags dialogkafè med dei same avdelingane der vi drøfta 5 tema som peika seg ut i løpet av denne prosessen.

Oppsummering av innspel frå avdelingane ligg på heimesida til kulturplanen.

Samhandling med kulturlivet og andre relevante aktørar

13. mars 25 deltok over 100 aktørar i eit innspelsmøte om innhald til ny kulturplan. Tema var: Korleis lagar vi ein plan som gir næring og vekst til heile kulturlivet? Kvar trykker skoen? Tenker vi for smått? Oppsummering av dette møtet ligg på kulturplanen si heimeside.

Det vart også opna for skriftlege innspel til planen før utarbeiding av høringsutkast. Det kom inn 9 skriftlege innspel. Oversikt over innspela ligg på kulturplanen si heimeside.

Tidlegare har kommunen arrangert møterekka PULS, denne kunnskapsinnhentinga ligg også som fundament for kulturplanen. Rapport frå PULS ligg på kulturplanen si heimeside.

Kunnskapsinnhenting og medverknad

1. Kulturindeksen <https://kulturindeks.no/rapport/1508/2/1>
2. PULS https://alesund.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-1acb36f4_d80e_43d7_8ae1_0ecc2069589e-205200_1_A!d-1100089136!ujePL7?pid=1
3. Ressursar som er brukt i planarbeidet
 - KS sin rettleiar for planlegging av kulturfeltet [Veileder-kulturfeltet.pdf](#)
 - Samfunnsøkonomisk analyse, rapport 34-2024 [Kulturfeltets plass i samfunnsutviklingen](#)

8. Planen og prosessen vidare

Det blir vurdert å kalle saman ei breitt samansett referansegruppe etter høyringsperioden, før endeleg vedtak.

Høyringsutkastet er lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 17.09.25 – 01.11.25.

Høyringsmøte er planlagt til veke 40, på Skodje, Ørskog, Moa og Harøya.

Mål og strategiar

Kvart innsatsområde skal ha mål som skal kunne stå seg gjennom heile planperioden. Til kvart mål ligg der strategiar. Desse er overordna, og er ei ramme for mange tiltak og handlingar som skal gjennomførast i planperioden. Det blir laga ein handlingsplan for å oppnå strategiane. Denne har fireårs-perspektiv, og skal bli rullert årleg i som grunnlag for økonomiplan- og budsjettarbeidet.

Tiltak med økonomiske konsekvensar blir handtert innanfor budsjett.

Handlingsprogram

Handlingsprogram inkl. tiltak blir utarbeidd til budsjettprosess 26. mai 2026. I høyring av planen er det sendt med eit avgrensa handlingsprogram, der mål og strategiar skal vere ein del av tekstdokumentet i høyringa. Etter høyring blir det utarbeidd eit handlingsprogram som er justert etter innspel, her vil vi også legge til tiltak, ansvar og år. Rullering av handlingsplanen er naturleg å gjere i samband med budsjett og økonomiplanarbeidet.

Truleg blir det ikkje vedtak av planen før i januar/februar 2026. Dette er ein plan det er viktig å sikre god medverknad i heile planprosessen. Mellom anna er det viktig at dei kommunale råda og kommunedelsutvala også får delteke i høyringsprosessen gjennom formelle vedtak.